



Plan for psykososialt miljø på Gimle skule

Pr.30.09.2015

Fyresdal kommune

ASPIT AS

INNHALD

1. Innleiing.....	2
1.1 Grunnskulen i Fyresdal kommune legg vekt på.....	2
2. Plan for arbeid med eit godt psykososialt skulemiljø.....	3
2.1. Haldningsskapande arbeid	3
2.2 Definisjon på krenkande åtferd:	4
2.2. Arbeidet med å skape eit godt læringsmiljø	4
2.3 <i>Helsestasjon- og skulehelseteneste</i>	6
2.4 <i>Korleis avdekke krenkande åtferd/mobbing</i>	6
2.5 <i>Handlingsplan- prosedyre</i>	7
<i>Kva gjer vi når krenkande åtferd/mobbing blir oppdaga?</i>	7
3. Vedlegg	8
Oversikt over prosedyrar, rutinar og skjema knytt til § 9a:	8
3.1 PROSEDYRE	9
for handtering av oppmoding frå elev eller føresett	9
etter Opplæringslova kap. 9A	9
3.1 Meldeskjema - varsling om krenkjande ord og handlingar som mobbing, diskriminering, vald, rasisme eller annan krenkjande åtferd (jf. Opplæringslov §§ 9a-1 og 9a-3)	10
3.2 Enkelvedtak etter Opplæringslov kap. 9a.....	11
Om tiltak som gjeld det fysiske eller psykososiale miljøet ved Gimle skule etter Opplæringslova §§ 9a-2 eller 9a-3.	11
Enkeltvedtak etter opplæringslova § 9a-3 om sitt psykososiale miljø	11
3.3 KLAGE PÅ VEDTAK	14
3.4 PROSEDYRE for skulen etter Opplæringslov kap. 9a	15
3.5 PROSEDYRE for handlingsplikt etter Opplæringslova kap. 9A	16
3.6 PROSEDYRE for skuleeigar etter Opplæringslova § 13-10, kap. 9A	17
4. Nyttige ressursar og materiell	18
4.1. Nettressurser:	18

1. INNLEIING

Opplæringslova Kapittel 9.a. omhandlar elevane sitt skulemiljø:

§ 9a-1 "Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring." https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_11 Med psykososialt miljø meiner vi dei mellommenneskelege tilhøva på skulen, det sosiale miljøet og korleis elevane og personalet opplever dette. Det psykososiale miljøet skal verke positivt på elevane si helse, trivsel, tryggleik og sosial tilhøyrse.

Eit godt og inkluderande læringsmiljø vil påverke læring og utvikling for den einskilde elev. Det påverkar elevanes sosiale og faglege læring, relatert til venskap og deltaking i sosiale og faglege fellesskap, relasjonar til medelevar og lærarar, klasseleiing, normer og reglar, verdiar, forventningar til læring og det fysiske miljøet på skulen. § 9a blir kalla "elevanes arbeidsmiljølov." Det er viktig å peike på at det er den einskilde elevs subjektive oppleving av faktorar ved skulemiljøet som er utgangspunkt for skulens handtering av § 9a.

Gimle skule skal ivareta elevane sitt omsorgsbehov og sørge for at dei føler seg trygge på skulen.

Tiltak:

- Gimle skule skal ha ein plan for haldningsskapande arbeid.
- Elevane skal opparbeide forståing for andre menneske og ulikskapane skal vere ei styrke for skulemiljøet og samhandlinga.
- Skulen skal ha særskilte tiltak mot mobbing.
- Fysisk aktivitet skal vere ein del av eleven sin daglege skulegang.
- Den sosialpedagogiske funksjonen til skulen må ivaretakast.
- Skulemiljøet skal tilretteleggjast for elevar med ulike funksjonshemmingar.

GRUNNSKULEN I FYRESDAL KOMMUNE LEGG VEKT PÅ

- at me arbeider kontinuerleg, langvarig og systematisk med elevane sitt skulemiljø
- at skulen, elevane og føresette samarbeider om det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet
- at tydeleg leiing er grunnleggjande for å førebyggje, avdekke og handtere krenkande ord og handlingar
- at alle tilsette ved skulen har handlingsplikt til å undersøke, varsle og gripe inn dersom dei får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkande åtferd.
- at me lukkast i arbeidet vårt gjennom lokale tiltak og evne til kommunikasjon og samarbeid

Målet er at elevane ved Gimle skule ikkje skal bli utsett for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald, rasisme eller utestenging på skulen eller på skulevegen.

2. PLAN FOR ARBEID MED EIT GODT PSYKOSOSIALT SKULEMILJØ

§ 9a-4. Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)

"Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet."

2.1. HALDNINGSSKAPANDE ARBEID

§ 9a-3. Det psykososiale miljøet

"Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøyrse.

Utdanningsdirektoratet, Udir., har utarbeidd materiell for heilskapleg arbeid med læringsmiljø. Dette materiellet er basert på forskning. Materiellet gir konkrete forslag til arbeid, og omfattar følgjande område:

- God leiing, organisasjon og kultur for leiing på skulen
- Læraren si evne til å leie klasser og grupper
- Positive relasjonar mellom elev og lærar
- Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane
- Godt samarbeid mellom heim og skule

I tillegg kjem desse faktorane:

- Regler og regelhandheving
- Sosial kompetanse og læringsmiljø
- Haldning til mobbing
- Gjensidige forventningar mellom deltakarane i skulesamfunnet
- Fysisk miljø

Gimle skule skal ha skriftlege planar for arbeidet med haldningsskapande og førebyggjande arbeid. Tiltaka skal vere i tråd med forskingsbaserte tilrådingar, og må vere prega av systematikk, kontinuerleg innsats, dokumentasjon og evaluering.

Det er viktig at kvar einskild elev blir sett og verdsett av læraren. Ei klasse må ha ei vi- kjensle slik at alle føler seg trygge. Elevane må få trening i å løyse konflikhtar og å vere ulike og ueinige er lov. Lærarane må ta opp kva krenkande åtferd, utestenging og mobbing er, korleis dette skjer, korleis ein opplever å bli utsett for slikt, og at elevane som utsett andre for negativ åtferd og handlingar og sjølv tek skade av det.

Det er viktig å leggje vekt på at alle på skulen skal bry seg og seie ifrå når dei har mistanke eller merker mobbing!

Alle tilsette ved skulen har handlingsplikt! Det betyr at alle tilsette har plikt til å undersøke raskt, varsle rektor, og til å gripe inn.

Forventningar til læraren:

- Grunnleggjande respekt for elevar og deira eigenart
- Positive forventningar til elevane si læringsevne
- Rettferdig behandling av elevane

2.2 DEFINISJON PÅ KRENKANDE ÅTFERD:

Med krenkande åtfærd meiner me krenkande ord og handlingar som kjem til uttrykk anten via direkte tale eller digitale mediar:

- **Mobbing** er gjenteke negativ eller vondsinna åtfærd frå ein eller fleire personar retta mot ein elev som har vanskar med å forsvare seg. Gjenteke erting på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing (Dan Olweus) (Udir – Elevundersøkinga). Kan handle om kroppsspråk, gestar, bestemte handlingar, digital mobbing eller verbal mobbing.
- **Vald** er at nokon bruker fysisk makt for å skade andre.
- **Rasisme /diskriminering** er at noko blir handsama annleis eller plaga fordi dei har ein annan hudfarge, ein annan religion eller snakkar eit anna språk. Det kan og vere at nokon får dårlegare behandling eller blir trakassert grunna kjønn eller funksjonsevne.
- **Utestenging/utfrysing/ignorering** er å bli halden utafor ei gruppe eller klasse der ein har naturleg tilhøyrse.
- **Uthenging /håning/latterleggjering** er krenkande ord og negativ omtale.

2.2. ARBEIDET MED Å SKAPE EIT GODT LÆRINGSMILJØ

Alle partar i undervisningssektoren har eit ansvar for å utvikle eit godt læringsmiljø. Det gjeld kommunen som skuleeigar, administrativt og skulen.

Skuleeigar sine rutinar:	
Tiltak:	Føremål:
<i>Kommunal forskrift om ordensregler</i>	<i>Overordna sikring av praksis</i>
<i>Samordning av arbeidet med § 9a</i>	<i>Kommunal plan og felles rutinar</i>
<i>Samordning av plan- og utviklingsarbeid</i>	<i>Felles forståing og samarbeid</i>
<i>Felles kompetansetiltak</i>	<i>Sikre lovpålagte funksjonar</i>
<i>Manifest mot mobbing</i>	<i>Ansvarleggjering</i>

Gimle skule sine rutinar:			
Nr.	Oppgåver	Tidspunkt	Ansvar
1	Skulen går gjennom "Plan for psykososialt miljø på Gimle skule". Drøfte: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Psykososialt miljø ➤ Kva er krenkande ➤ Kva er terskelen for å gripe inn ➤ Når skal skolens personale varslas. 	Ved skulestart	Rektor
2	Gjennomgang av skulen sitt ordensreglement.	Ved skulestart	Rektor / kontaktlærer
3	Skulens planar og tiltak for førebyggjande og haldningsskapande arbeid gjennomsyrrer skulekvardagen	Kontinuerleg	Alle tilsette
4	Evaluering av "Plan for psykososialt miljø på Gimle skule". Denne evalueringa med evt. revidering skal takast i personalmøte, elevråd, FAU, SU og SMU.	Årleg	Rektor
5	Nye føresette vert gjort kjent med planen	Fyrste foreldremøte, haust	Kontaktlærer
6	Elevar og elevråd informerast om "Plan for psykososialt miljø på Gimle skule", og ordensreglementet	Fyrste møte, haust	Kontaktlærer, elevrådskontakt
7	Tiltak og aktivitetar kring skulemiljøet vert tatt opp i elevråd	Kontinuerleg	Elevrådskontakt
8	Gjennomgang av elevundersøkinga tas opp i personalet, elevrådet, FAU, SU og SMU	Årleg	Rektor
9	Vakt og tilsynsordninga evaluerast to gonger i året	Haut og vår	Rektor
10	Kommunalsjef tek går gjennom opplæringslova kapittel 9a i personalmøte	Årleg	Kommunalsjef
11	Gjennomgang av klasseromsreglane	Ved skulestart og ved behov	Kontaktlærer
12	Overgangssamtalar mellom stega, og mellom skule og barnehage	Årleg	Kontaktlærer, steglærer og styrar i barnehagen
13	Foreldremøte	To gonger i skuleåret	Stegleiar og kontaktlærer
14	Elevsamtalar	To gonger i året	Kontaktlærer
15	Utviklingssamtalar m/elev og føresette	To gonger i året	Kontaktlærer
16	Felles standarar	Kontinuerleg	Alle tilsette
17	Foreldreskule	Våren før skulestart	Rektor
18	Ekstra samtalar med 5. og 8. klasse før overgangen til nytt steg	Årleg	Sosillærer
19	Lokal trivselsundersøking	To gonger i året	Sosillærer

2.3 HELSESTASJON- OG SKULEHELSETENESTE

For alle born og unge i alderen 0-20 år, er helsestasjons- og skulehelseteneste ei lovpålagt teneste som skal varetake den fysiske og psykiske helsa og gi helsefremjande og førebyggande tilbod.

Dette fin ein heimla i lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.(helse- og omsorgstenesteloven) § 3-2.

Skulehelsetenesta i Fyresdal kommune bestend av helsesystemer, fysioterapeut og lege.

Skulehelsetenesta arbeidar med elevanes trivsel og skulemiljø, og tek del i det tverrfaglege samarbeidet med skulen. Det er sett av fast kontortid ved Gimle skule.

2.4 KORLEIS AVDEKKE KRENKANDE ÅTFERD/MOBBING

- *Årleg gjennomføring av elevundersøkinga. Obligatorisk for 7. og 10.trinn*
- *Elevsamtaler*
- *Foreldresamtaler*
- *Vakt- og tilsynsordningar.*
- *Undersøkingar og observasjonar for å skaffe informasjon*
- *Varsling/meldingsrutinar*
- *Foreldresamtaler*
- *Vakt- og tilsynsordningar.*
- *Undersøkingar og observasjonar for å skaffe informasjon*
- *Varsling/meldingsrutinar*
- *Lokal trivselsundersøking blant elevane.*

2.5 HANDLINGSPLAN- PROSEDYRE

KVA GJER VI NÅR KRENKANDE ÅTFERD/MOBING BLIR OPPDAGA?

1. Når mobbing blir oppdaga, tek klasselærer tak i saka direkte. Skulens tilsette har i følgje loven **handlingsplikt** når ein får mistanke om at ein elev blir krenka /mobba. - Fyll ut meldeskjema - Informer rektor
2. Skulen må setje i gang undersøkingar og observasjon for å skaffe informasjon.
3. Skulen gjennomfører fyrst samtaler med den som er blitt plaga/ utsett for krenkande åtferd for å skaffe informasjon og gje støtte.
4. Samtale med foreldra til den som er blitt plaga/mobba.
5. Samtale med den som mobbar eller har plaga andre: Sjølv om det er fleire som mobbar eller plagar andre, må skulen snakke med ein om gangen. Føremålet med samtala er å gje beskjed om at mobbinga er uakseptabel og må stoppe straks. Så må skulen invitere til samarbeid for å få slutt på mobbinga, gjere avtaler om kva som skal skje, og setje opp ny samtale. Elevar som krenker må få klar beskjed om at det vil bli sett inn tiltak og reaksjonar dersom problemet ikkje løyser seg. Skulen må i kvart tilfelle finne ut kva som opplevast som reaksjon for den einskilde elev.
6. Samtale med føresette til dei som mobbar kvar for seg. Dersom foreldra ynskjer det, kan de snakke med fleire samtidig. Ikkje la foreldra delta sjølv i elevgruppa.
7. Lærer informerer rektor om kva som har skjedd og kva læraren har gjort og kva for tiltak som er sett i verk. Er det vald i bildet, skal saka straks meldast til rektor.
8. Enkeltvedtak. Rektor skal lage enkeltvedtak når det er oppdaga eller meldt brot på §9a-1, det psykososiale miljøet. Føresette kan og be om at skulen sett i gang tiltak, og pålegg skulen med det ei plikt til å handsame dette som eit enkeltvedtak.
9. Sanksjonar og dokumentasjon. Skulen må setje inn sanksjonar ovanfor dei som mobbar dersom det er nødvendig. Skulen må dokumentere sanksjonane.
10. Oppfølging. Mobbesituasjonen må fylgjast til den stansar heilt. Alle skal kunne gå på skulen saman og oppleve tilhøyrslø og tryggleik. Etter ei tid kan det vere gunstig å ha ei samtale mellom den som har blitt mobba og den som mobba. Ikkje gjer dette for tidleg. Hugs at det tek tid å kome over alvorlege krenkingar.
11. Søk råd og hjelp om nødvendig. Bruk tilgjengeleg ekspertise, **PPT** eller **andre ressurspersonar** i kommunen. Skulen kan og kontakte **Statped**. dersom det lokale apparatet treng assistanse.

Er det lærarar som mobbar elevar, er det rektor si oppgåve å ta tak i og fylgje opp

dette.

Melder elevar eller foreldre om at nokon blir plaga, tek skulen dette på alvor. **Det inneber at skulen så snart som råd behandlar saka etter reglane om einskildvedtak i forvaltningslova.** Dei som har meldt ei sak og bede om tiltak, skal ha skriftleg melding om einskildvedtaket. Her skal det og gå fram at dei kan klage på vedtaket og korleis dei skal gå fram om dei vil klage.

Skulen må sørge for å halde fokus på mobbesituasjonen til han stansar heilt.

3. VEDLEGG

§ 9a-3. Det psykososiale miljøet

"Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den er eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utset for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkom snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant i mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast r handle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimel har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som var gjort enkeltvedtak."

OVERSIKT OVER PROSEDYRAR, RUTINAR OG SKJEMA KNYTT TIL § 9A:

- 3.1. Prosedyre for handtering av oppmoding frå elev el. føresett, Opplæringslova kap 9A s. 1
- 3.2. Meldeskjema for varsling (Opplæringslova §§9A-1 og 9A-3 s. 17
- 3.3. Enkeltvedtak – rutine. Etter Opplæringslova kap. 9A s.
- 3.4. Skjema for klage på vedtak s. 19
- 3.5. Prosedyre for skulen. Oppfylging av varsling. Etter Opplæringslova kap.9A s. 20
- 3.6. Prosedyre for handlingsplikt etter Opplæringslova kap 9 A s. 21
- 3.7. Prosedyre for skuleeigar etter Opplæringslova § 13-10, kap. 9A s. 22



Fyresdal kommune

3.1 PROSEDYRE

FOR HANDTERING AV OPPMODING FRÅ ELEV ELLER FØRESETT

ETTER OPPLÆRINGSLOVA KAP. 9A

Tema: Handtering av oppmoding frå elev eller føresett om tiltak knytt til det psykososiale miljøet.

Kven: Alle tilsette ved skulen

Kva: *Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak (Opplæringslov § 9a-3, 3. ledd)*

Oppmoding om tiltak kan rettast munnleg eller skriftleg frå elevar, føresette eller råd og utval der elevane/føresette er representerte. Oppmodinga bør vere så konkret som råd; klargjere kva problemet er, og – om mogleg – kva for tiltak ein ønskjer. Oppmodinga skal normalt vere retta til rektor.

Oppmodingane skal etter lova behandlast etter reglane i forvaltningslova:

- Saka skal klargjerast så godt som råd (fvl §17)
- Varslingsplikt og uttalerett til partar (fvl §16)
- Innsynsrett i dokument (fvl §§ 18-21)
- Krav til skriftleg framstilling (fvl §23)
- Grunngeving av vedtaket (fvl §§ 24 og 25)
- Underretting om vedtak som er fatta (fvl § 27)
- Klagerett (fvl §§ 28 flg)

Handling:

- Viss andre enn rektor mottar oppmodinga, skal vedkomande straks varsle rektor
- Rektor informerer/melder om retten til einskildvedtak og om saksgangen
- Rektor syter for at saka blir godt klargjort og at det vert førd logg
- Rektor fattar einskildvedtak . Sender kopi til skulefagleg ansvarleg
- Frå varsel til vedtak skal det gå maksimalt tre veker
- Rektor handterer og sender vidare ein ev. klagesak til Fylkesmannen

Referanse:

- Opplæringslov, § 9A-3, siste ledd
- Forvaltningslov, §§ 16 -28 flg
- Rettleiar til opplæringslova, kap. 9a

- Rundskriv frå Udir 2-2010
- Skulen sitt skjema for oppmoding om tiltak knytt til elevane sitt psykososiale miljø.



Fyresdal kommune

3.1 MELDESKJEMA - VARSLING OM KRENKJANDE ORD OG HANDLINGAR SOM MOBBING, DISKRIMINERING, VALD, RASISME ELLER ANNAN KRENKJANDE ÅTFERD (JF. OPPLÆRINGSLOV §§ 9A-1 OG 9A-3)

Unntatt offentlegheit jf. §13 i Offentleglova og §13 i Forvaltningslova

Til rektor ved Gimle skule

Dette gjed - Sett kryss		Bakgrunnsinformasjon- Sett kryss	
Mobbing		Eigen observasjon	
Vald		Den som er krenka har sjølv varsla	
Rassisme		Medelev har varsla	
Utstenging		Ein føresett har varsla	
Andre krenkande ord og handlingar		Anna person har varsla	
Anna		Anna	
Merknad:		Merknad:	

Namn på utsettelev:	Klasse:	
Namn på andre som evt. er involvera:	Klasse:	
Namn på meldar:	Dato:	Stilling:

Aktuelle medarbeidarar/tilsette/andre som er informerte om hendinga:

Namn:		Namn:	
-------	--	-------	--

Når (dato/klokka):	
Kvar skjedde det:	
Skildre situasjonen så detaljert som råd	

Underskrift/namn til den som har fylt ut meldinga:

Dato:



Fyresdal kommune

3.2 ENKELVEDTAK ETTER OPPLÆRINGSLOV KAP. 9A

OM TILTAK SOM GJELD DET FYSISKE ELLER PSYKOSOSIALE MILJØET VED GIMLE SKULE
ETTER OPPLÆRINGSLOVA §§ 9A-2 ELLER 9A-3.

Delegert vedtak

- nr.

Enkeltvedtak etter opplæringslova § 9a-3 om sitt psykososiale miljø

Namn:

Født:

Skule:

Trinn:

Eg viser til , der det kom fram at

Lowverk

I opplæringslova § 9a-1 står det:

Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Opplæringslova § 9a-3 tredje ledd slår fast:

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblandt tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Bakgrunn

Vurdering

Vedtak

Retten:

Tiltak:

Tidslengd:

Ansvarleg for oppfølginga:

Evaluering:

Kontakt med foreldra:

Klagerett

Klaga må vera skriftleg, og du bør seie kva du vil ha endra og grunngi kvifor. Du sender klaga til Fyresdal kommune, sektor for kultur og oppvekst, 3870 Fyresdal med kopi til Fylkesmannen i Telemark. Dersom skolen ikkje er einig i klaga di, sender vi klaga til Fylkesmannen i Telemark som er endeleg klageinstans.

Du har, med nokre unntak, rett til å sjå dokumenta i saka. Dersom du allereie har fått alle dokumenta i saka, skal skolen opplyse om det.

Du kan la ein advokat eller ein annan fullmektig hjelpe til eller representere deg på alle trinn i saka. Ein annan fullmektig kan vere ein kven som helst myndig person eller ein organisasjon.

Dette er eit enkeltvedtak som er handsama administrativt etter fullmakt frå rådmannen. Det inneber at reglane i forvaltningslova gjeld. Moglegheita til å klage og fristen for å klage er regulert i §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Reglane om å sjå dokumenta i saka finn du i forvaltningslova §§ 18 til 19. Forvaltningslova § 12 seie at du kan bruke ein fullmektig.

Med venleg helsing

Rektor ved Gimle skule

Kopi: Kommunalsjefen, ev. andre partar



Fyresdal kommune

3.3 KLAGE PÅ VEDTAK

Forslag til korleis du som forelder kan skrive ein klage (Udir)

Klage på skule sitt vedtak om psykososialt miljø

Til rektor ved Gime skule

Dato:

Bakgrunn for klagen *Kvifor klagar du? Fyll inn årsaka eller kva som har skjedd. Under er nokre døme. Hugs at om tiltaka ikkje har fungert, etter at dei er prøvde ut, skal du ikkje klage, men be om nye tiltak.*

- Skulen har ikkje gjort eit enkeltvedtak sjølv om eg har bedt om det.
- Eg er ikkje nøgd med dei tiltaka skulen vil setje i gang.
- Skulen gjennomfører ikkje tiltaka.
- Andre årsaker.

Eg er ikkje nøgd med skulen sine tiltak fordi

.....
.....
.....

Kva for tiltak meiner du vil hjelpe? *Dersom du har forslag til andre tiltak som vil hjelpe, kan du gjere greie for dei her. Ver konkret! Du treng ikkje foreslå noko. Den personen som behandlar klagen, må lytte til det du ber om.*

Eg/vi meiner skulen bør

.....
.....
.....

Kva seier lova? Opplæringslova § 9a-1 gir alle elevar ein individuell rett til eit godt psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen skal syte for at det psykososiale miljøet fører til at eleven føler tryggleik og sosial tilhøyrse. Dette følgjer av opplæringslova § 9a-3 første ledd. Eleven si eiga oppfatning av det psykososiale miljøet avgjer om eleven sin rett er oppfylt eller ikkje. Skulen har plikt til å oppfylle eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø. Rektor har ansvaret for den daglege oppfølginga av dette.

Helsing

Kopi til Fylkesmannen i ditt fylke.

Kontaktinformasjon finn du på www.fylkesmannen.no.



Fyresdal kommune

3.4 PROSEDYRE FOR SKULEN ETTER OPPLÆRINGSLOV KAP. 9A

Tema: Korleis skulen si leiing handterer varsling om krenkjande ord og handlingar som mobbing, diskriminering, vald, rasisme eller annan krenkjande åtferd

Kven: Rektor eller annan ansvarleg representant for leiinga

Kva: *Dersom nokon som er tilsett ved skulen får kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkomande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er mogleg sjølv gripe direkte inn (Opplæringslov § 9a-3, 2. ledd)*
Skulen sine tilsette skal, etter prosedyre for "Handlingsplikt ved kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar.." varsle skulen si leiing, etter handlingsprosedyra under.

Handling:

- Tilsette varslar rektor om hendinga og leverer skjema for varsling av krenkjande ord og handlingar
- Rektor registrerer varslinga og drøftar ho med den som varslar
- Rektor informerer partane det gjeld om vidare saksgang
- Viss saka er innanfor området einskildvedtak, informerer rektor partane om at det skal bli fatta eit einskildvedtak etter at saka er gjort greie for og vurdert, eller viss elevar/føresette ber om tiltak knytt til elevar sitt psykososiale miljø
- Rektor fattar ev. einskildvedtak og følgjer opp vedtaket
- Frå varsling til vedtak, skal det gå maksimalt tre veker
- Rektor sender kopi av utfylte varslingsskjema, samt vedtak, til skulefagleg ansvarleg
- Rektor orienterer om aktuelle saker frå eigen skule i rektormøte, januar og september

Referanse:

- Opplæringslov, § 9A-3, 3.ledd
- Forvaltningslov, §§ 16 -28
- Rettleiar til opplæringslova, kap. 9a
- Rundskriv frå Udir 2-2010
- Skulen sin prosedyre: "Handlingsplikt ved kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar"
- Skjema for varsling av krenkjande ord eller handlingar

Dato: November 2015



Fyresdal kommune

3.5 PROSEDYRE FOR HANDLINGSPLIKT ETTER OPPLÆRINGSLOVA KAP. 9A

Tema: Handlingsplikt ved kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald, rasisme eller utestenging

Kven: Alle tilsette ved Gimle skule.

Kva: Alle tilsette har handlingsplikt viss ein får kjennskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald, rasisme eller utestenging. Alle tilsette skal reagere på:

- Slåssing
- Hardhendt leik/leikeslåssing
- Mobbing av alle slag, også på sosiale media
- Aggressiv/negativ, ikkje akseptabel åtferd som
- Kjefting, banning, stygge kallenamn, hånlege kommentarar, øydelegging av skulen eller elevar sine eigedelar, skriking og skrålning, elevar som nektar å lyde ein vaksen sin instruksjon og liknande
- Elevar som ofte er aleine i friminutta og som synest sosialt isolerte
- Tilsette som er krenkjande overfor elevar

Handling: **Alle tilsette som får kunnskap eller mistanke om at ein elev er utsett for krenkjande ord eller handlingar skal:**

- Undersøkje saka snarast, og om mogleg gripe inn og stoppe nemnde aktivitet
- Varsle skulen si leiing ved å informere rektor eller ansvarleg representant for leiinga om hendinga, og registrere ho på eige skjema. Skjema skal leverast til rektor eller ansvarleg representant for leiinga.

Referanse:

- Opplæringslov kap. 9a, §§ 9a-1 og 9A-2, 2.ledd
- Rettleiar til opplæringslova, kap. 9a
- Rundskriv frå Udir 2-2010
- Skjema for varsling av krenkjande ord eller handlingar

Dato: November 2015



Fyresdal kommune

3.6 PROSEDYRE FOR SKULEEIGAR ETTER OPPLÆRINGSLOVA § 13-10, KAP. 9A

Tema: Korleis skuleeigar følgjer opp kap. 9a i opplæringslova, med å ha eit forsvarleg system for at krava i lov og forskrifter blir oppfylte

Kven: Kommunalsjef skule og oppvekst/rådmann

Kva: *"Kommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte." Opplæringslova § 13-10, 2.ledd.*

Handling: Skuleeigar skal, etter prosedyre for skuleeigar, § 9a-3, 2.ledd,

- Gå gjennom system for vurdering § 13-10 med skuleleiarane ved starten av året, januar, jf. årshjul
- Gjennomgå dei ulike prosedyredokumenta for kap. 9a ved starten av skuleåret, jf. årshjul
- Få kopi av utfylte varslings skjema som kjem inn, samt dei einskildvedtaka som skuleleiar fattar, fortløpande gjennom skuleåret
- Etterspørje rektor si handtering av varsling om krenkjande ord og handlingar; dvs. generell informasjon til tilsette om prosedyrar, drøfting med varslar, informasjon til partane, einskildvedtak som er fatta og oppfølging av dette to gonger i året. Jf. årshjul, september og januar
- Vurdere skuleleiar si handtering av kap. 9a, ev. påleggje rektor å gjere justeringar i høve det som er gjort
- Leggje fram informasjonen korleis skulane arbeider med kap. 9a for politisk utval (formannskapet) i samband med tilstandsrapportering kvart år

Referanse:

- Opplæringslov § 13-10 2.ledd
- Opplæringslov §§ 9a-1, 9a-3, 9a-4
- Forvaltningslov, §§ 16 -28
- Rundskriv frå Udir 2-2010
- Prosedyre for skuleleiar om handtering av varsling om ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar"

Dato: November 2015

4. NYTTIGE RESSURSER OG MATERIELL

4.1. NETTRESSURSER:

Arbeid mot mobbing. Rettleiar for tilsette og leiarar i grunnskulen. Utdanningsdirektoratet 2011
http://www.udir.no/Upload/Laringsmiljo/5/Arbeid_mot_mobbing_rettleiar_nn.pdf?epslanguage=no
Arbeid mot mobbing: <http://www.udir.no/Laringsmiljo/Arbeid-mot-mobbing/>

Informasjon til foreldre: <http://www.udir.no/Regelverk/Informasjon-til-foreldre/Elevane-sitt-skulemiljo/>

Manifest mot mobbing:
http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Grunnskole/Manifest_mot_mobbing2011_2014_hefte_web.pdf

Barneombodet: www.barneombudet.no

Læringsmiljøseneteret: <http://laringsmiljosenteret.uis.no/>

Digital mobbing - Tips og ressursar frå medietilsynet:
<http://www.medietilsynet.no/no/Trygg-bruk/Tema/Digital-mobbing/>

Elevsiden: <http://www.elevsiden.no/atferd/1098241472>

Verktøykassen - litteraturside:
<http://verktoykasse.tromsokolen.no/index.php?parID=43&pageID=127&page=Barnelitteratur>

Bibliotekside med litteratur om mobbing:
<http://www.bibliotek.info/index.php?cat=20723&emne=Mobbing&&finbibid=136>

